



Arkivnr: 2014/2-43

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		11.09.2014

Ny strategiplan for Fagskolane i Hordaland

Samandrag

Strategiplanen for Fagskolane i Hordaland: *Fagskulen som regional utviklingsaktør – ein strategiplan for Fagskulane i Hordaland* vart vedteken for tidsrommet 2006 – 2010. Det vart ikkje laga ein ny strategiplan etter denne av di ein ville vente til ny skulebruksplan var utarbeidd og vedtatt. No som skulebruksplanen er vedtatt og ny organisering for Fagskolane i Hordaland er kome langt på veg, er det tid for å utarbeide ein ny strategiplan for fagskulane som tek opp i seg nye lokale og nasjonale føringar.

Forslag til vedtak

Det vert utarbeidd ein ny strategiplan for Fagskolane i Hordaland som vist i saksframlegget.

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 01.09.2014

Strategiplanen for Fagskolane i Hordaland: *Fagskulen som regional utviklingsaktør – ein strategiplan for Fagskulane i Hordaland* vart vedteken for tidsrommet 2006 – 2010. Det vart ikkje laga ein ny strategiplan etter denne av di ein ville vente til ny skulebruksplan var utarbeidd og vedtatt. No som skulebruksplanen er vedtatt og ny organisering for Fagskolane i Hordaland er kome langt på veg, er det tid for å utarbeide ein ny strategiplan for fagskulane som tek opp i seg nye lokale og nasjonale føringer.

Strategiplanen som var gjeldande frå 2006 til 2010, var eit dokument utarbeidd av og for Hordaland fylkeskommune. Det vil vere naturleg at Hordaland fagskulestyre er eigar av den nye strategiplanen for Fagskolane i Hordaland med forankring hjå fylkestinget som generalforsamling. Strategiplanen bør byggje på sentrale dokument som er viktige i fagskulesamanheng, slik som skulebruksplanen, fylkeskommunen sin regional- og næringsstrategi m.m.

Det er sett ned eit fagskuleutval som skal utarbeide ein NOU innan utgangen av 2014. Utvalet har følgjande mandat:

- Utvalet skal sjå på korleis det best kan leggjast til rette for at studentar på ein hensiktsmessig måte kan bevege seg mellom fagskular og høgskular og universitet.
- Utvalet skal gjere ei vurdering av kva det betyr at fagskuleutdanninga skal vere yrkesretta.
- Utvalet vil kunna sjå på opptaksgrunnlag, som fagbrev og generell studiekompetanse, samt læringsutbytte.
- Det vil vere aktuelt å endre omgrepet fagskulepoeng etter at utvalet har gjort ein nærrare gjennomgang.
- Utvalet skal vurdere dagens finansieringsordning for fagskular og gjere greie for alternative modellar for igjen å innføre statleg finansiering av fagskulane. Minst eitt av utvalet sine forslag til modell skal vere basert på uendra ressursbruk. Forslag til endringar i finansieringssystemet skal fremje effektiv forvaltning.

Av di regjeringa sin NOU kan føre til endringar i inntektssystemet m.m, bør den nye strategiplanen vere ferdig utarbeidd først etter at det er klart kva endringar fagskulesektoren vil få. Ny strategiplan kan verte sendt til gjennomsyn i Fylkestinget i mars 2014 og bli vedtatt i Hordaland fagskulestyre i mai 2015. Strategiplanen kan då tre i kraft hausten 2015 og vare til 2019.

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil tilrå at styret er styringsgruppe, og at det vert sett ned ei arbeidsgruppe og ei referansegruppe med følgjande deltagarar:

- Arbeidsgruppe
 - o Sekretariatet for fagskulestyret (éin representant)
 - o Fagskulane (éin representant for kvar skule)
 - o Vaksenopplæring (éin representant)
 - o Regionalavdelinga (1-2 representant/ar)
 - o Fagopplæring (éin representant)
- Referansegruppe
 - o Maritimt forum
 - o Maritimt utdanningsforum
 - o Odfjell v/opplæringsansvarleg
 - o DOF
 - o Fylkesmannen, Helse og sosialavdeling
 - o KS Helse og omsorg
 - o Helse Bergen
 - o NHO
 - o Kværner

- Skanska
 - Wärtsila Norway
 - Opplæringsavdelinga (HFK)

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil tilrå følgjande tids- og møteplan: